



Esben Grindheim
Krokjen 12
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/7168 - 22/76619

Saksbehandlar:
Roba Al Serhan
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:
06.10.2022

Fritak frå kravet om gjødselplan GBNR 164/1 Sletten

Administrativt vedtak: Saknr: 1095/22

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 06.10.2027 for GBNR164/1, då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra , må det fremjast ny søknad.

Saka gjeld :

Føretaket Esben Grindheim har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 164/1.

Søkjeren leiger 9 daa fulldyrka mark , 28 daa overflatedyrka mark og 36 daa innmarksbeite. Drifta er 10 vinterfora sau som går ute heile året. Driftsforma er utegangardrift og det vert difor ikkje oppsamla gjødsel. Søkjeren brukar heller ikkje kunstgjødsel.
GDE:1,4

VURDERING:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (GDE), og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år.

Regelverk

Forskrift om gjødselplanlegging.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «22/7168 »

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Roba Al Serhan
Rådgevar Landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Esben Grindheim

Krokjen 12

5912 SEIM